



## Årdal Eldreråd

Møtedato: 12.09.22, Møterom: Seimsdalen, kl: 12:30

**TIL stades:** Steinar Drægni, Odveig Borlaug, Patricia Seglem Lægreid, Ida Thune og Odd Øvregard

**Fråverande:** Oddgeir Øren.

**Administrasjonen:** Ingen hadde moglegheit til å delta på møtet, Steinar Drægni skriv protokoll.

### Sakslista:

#### 033/22 Godkjenning av innkalling og signering av referat.

Ingen kommentarar til innkallinga eller sakslista. Referat signerast av Ida Thune og Steinar Drægni.

*Vedteke*

#### 034/22 Søknad om stønad frå Seniordansen

Seniordansen har pr i dag 26 medlemar.

Søknaden gjeld kr 6000 (sekstusenkroner) som skal dekke musikalsk underhaldning.

Rådet seier ja til søknaden. Gruppa «Skjerdals» fakturerer direkte til kommunen, merk Årdal Eldreråd, Spaserstokk.

*Vedteke*

#### 035/22 Nytt omsorgssenter:

Etter medieoppslag der Årdal Pensjonistlag ber om folkemøte har det komme ein del reaksjonar.

Årdal Eldreråd har ikkje vore inne i prosessen.

Årdal Eldreråd sluttar seg til ein førespurnad om folkemøte i saka før vedtak om endeleg plassering.

*Vedteke*

#### 036/22 Ymse

- **Eldredagen.** Alle er nøgde med gjennomføring. Bakeriet er einaste stad pr i dag der ein kan dekke til 150 personar. Dersom det viser seg at andre kan dekke til like mange vert dei og førespurte neste år.
- **Datastova.** Gode attendemeldingar på gjennomføring på kantina/rådhuset 17.10. Biblioteket vil følgje opp 1 til 1 på eldresenteret på Tangen nokre fredagar framover. Sogn Sparebank hadde gode hjelparar på plass. Påmelding til neste Datastova er i gang, dato ikkje bestemt. Pensjonistlaget vil jobbe for å etablere Seniornett i Årdal. Eldresentera bør nyttast til kursverksemd.
- **Asfaltkilar.** Fleire kilar er no på plass på Tangen. Mellom anna ved rådhuset som lova.
- **Kvilebenkar.** Tre nye benkar er motteke. Vi spør Øyvind Lægreid om hjelp til utplassering på Tangen. Dette gjeld ein eller to benkar.  
Vi treng forslag til plassering av den tredje.

*Ymse tatt til viten.*